

Til alle ungdomsråd og kommunar i Hordaland

Dato: 12.12.2014
Vår ref.: 2014/559-9
Dykkar ref.:

Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2015

På vegne av Ungdommens fylkesting har Ungdommens fylkesutval (UFU) gleda av å invitere til Ungdommens fylkesting i Hordaland 2015. Tinget vert arrangert 13. – 15. februar på Quality Hotel Edvard Grieg Bergen. Hotellet ligg like ved det nye Statoil bygget på Sandsli.

Ungdommens fylkesting i Hordaland (UFT) er ein arena og møteplass for ungdom frå heile fylket. Her kan ein seie si meining og diskutera viktige saker med andre engasjerte ungdommar, samstundes som det er veldig sosialt og kjekt. Ungdommens fylkesting er eit talerøy, og det øvste organet for dei unge sine interesser i Hordaland. Ungdommens fylkesting vart for første gong arrangert i 1997, og har sidan vorte helde i 18 år på rad.

I tråd med gjeldande vedtekter er det representantar frå kommunale ungdomsråd i Hordaland som kan få delegatstatus på Ungdommens fylkesting. Kvar av desse vert invitert til å sende to ungdommar. Delegatane må etter vedtektene vera mellom 15 og 20 år. I kommunar utan ungdomsråd kan ein sende to ungdommar frå til dømes elevråd eller liknande til å representera kommunen.

På Ungdommens fylkesting skal følgjande saker verte vedteken:

- Nytt ungdommens planprogram
- Val av nye medlemmar til Ungdommens fylkesutval
- Nye vedtekter
- Budsjett 2015
- I tillegg skal rekneskapet for 2014 verte godkjent.

Det vert i løpet av veka sendt ut følgjande dokument for handsaming av ungdomsråda:

- Ungdommens planprogram 2014
- Forslag til Ungdommens planprogram 2015
- Gjeldande vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval
- Forslag til nye vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesutval oppmodar kommunane til å sende engasjert ungdom som er aktive i ungdomsrådet. Send gjerne nokon som kunne tenkt seg å stille til val til nytt ungdommens fylkesutval.

Om dykk har nokon saker dykk brenn veldig for, så er det mogleg å sende inn saker til Ungdommens fylkesting på førehand! Saker sendast til ungdommens.fylkesutval@hfk.no

Pris per person er satt til kr. 2000,- som inkluderer materiell, overnatting med frukost, middag og lunsj. Innkvartering skjer på triple rom.

Det er vanleg at kommunen du representerer på UFT vil betale for deltakinga. Undersøk dette med den som gjev deg fullmakt til å vera delegat. Reiseutgifter må dekkjast av delegaten sjølv, eller eventuelt den skulen, kommunen eller organisasjonen delegaten representerer.

Påmelding gjerast gjennom denne linken: <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Ungdommens-fylkesting-2014/> innan 23. januar.

Skulle det vera spørsmål angående invitasjon eller påmelding kan desse rettast til Ingeborg Borgen Takle: ingeborg.borgen.takle@hfk.no. Dersom det er spørsmål til innhaldet, ta kontakt med Ungdommens Fylkesutval: ungdommens.fylkesutval@hfk.no.

Vil du vera med å påverka din eigen kvardag? Meld deg på!

Agnes Hoshovde Bernes
Leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.